



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavd.  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/42 - 17/5455

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
17.03.2017

## Høyring - søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona, legalisering av oppført bod på gbnr 42/39.

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Kari Lis Eriksen om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona, jf plan- og bygningslova §§ 1-8 og 19-2 , for legalisering av oppført bod på gbnr 42/39 på Søre Eikeland.

### Planstatus:

Gbnr 42/39 er ein bebygd fritidseigedom og er kommuneplanen sin arealdel avsett til eksisterande fritidsbusetnad.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå Kari Lis Eriksen søkt om dispensasjon for oppført bod på eigedomen, sjå vedlegg.  
For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast i øyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.  
I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispesert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

### Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal- og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga, før det vert gjort vedtak i saka.

**Frist:**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart

Søknad om dispensasjon

Dispensasjon GBNR

Bilde

Bilde

Bilde

Bilde

Bilde

42-39 1\_1000

42-39 1\_3000

**Kopi til:**

Kari-Lis Eriksen

Florvågøen 6

5305

FLORVÅG

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal- og  
samfunnsplanavd.

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavd.

5020

BERGEN